



Straume Rør As
Austefjordsvegen 194
5379 Steinsland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5204 - 23/56482

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
04.07.2023

Foreløpig svar på søknad om utslipp av oljeholdig avløpsvann - gbnr 137/759 Alver

Tiltak: Søknad om utslepp av oljeholdig avløpsvatn
Byggjestad: Galteråsen 2 – Gbnr 137/759
Tiltakshavar: Galteråsen 2 AS
Ansvarleg søkjar: Straume Rør AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje lagt ved opplysningar om kva type verksemd oljeutskiljar er ment for. Ber om kort utgreiing av kva type verksemd som skal inn i bygget.
2. Det er ikkje opplyst kva størrelse anlegg skal ha. Før vi kan handsame søknad må sendast inn berekningsgrunnlag som viser kva størrelse anlegget skal ha.
Vi gjer merksam på at produsent av oljeutskiljar kan, i sin utrekning, ta høgde for eit høgare oljeinnhald i utsleppsvatnet enn det kommunen har fastsett i forskrift. Dersom ein innhentar berekningsgrunnlag frå produsenten, må ein opplyse om at kommunen har lokal forskrift med andre utsleppsverdiar.

[forskrift-om-paslipp-av-olje---og-fetthaldig-avlopsvatn-alver-kommune-vestland.pdf](#)

3. Det må sendast inn bunnleidningsplan for bygg. Avløpsvatn frå oljeutskiljar skal ikkje førast på kommunalt avløpsnett (svartvatn) med inn på kommunalt overvassnett. Vi gjer merksam på at det kommunale overvassnettet går til heilårs bekk og til sjøresipient.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.08.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Galteråsen 2 As

Radøyvegen 239 5911

Alversund

Mottakarar:

Straume Rør As

Austefjordsvegen 5379
194

Steinsland